



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/1654-2

Sakshandsamar: Jan Olav Hemsing

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap Kommunestyre	29.01.2025	5/25

VTM søknad om auka driftsstøtte 2025

Saksframlegg godkjent 14.11.2024.

Finn Arne Askje
kommunedirektør

Knut Erik Paulsen
kommunalsjef plan, næring og kultur

Vedlegg

- 1 Søknad om driftsstøtte VTM
- 2 Avtale drift nybygg Tokke vs VTM framlegg
- 3 Kulturdirektoratet museumsstatistikken 2023
- 4 Svar på budsjettsøknad 2025 – Vest-Telemark Museum

Bakgrunn for saka

Vest-Telemark Museum søker om ei auke i den årlege driftsstøtta frå Tokke kommune. Museet peiker på at dei siste åra har vore vanskelegare å få eksterne tilskot og at eksterne tilskot ikkje har vore regulera opp mot løns og prisvekst. Dei opplever utfordringar med balansen mellom drift og prosjektf finansiering og det og ha kontinuitet i kompetent arbeidskraft.

Saksutgreiing

Den eksisterande avtala om driftsstøtte mellom Tokke kommune og Stiftinga Vest-Telemark Museum gjeld fram til 01.01.2031. Avtala spesifiserer at alle faste driftstilskot skal være

indeksregulert med utgangspunkt i konsumprisindeksen per 15. november kvart år. Tilskotet var i 2024 på 1 427 412 kr.

Eventuelt tilskot vil være på 300 000 kr 15. november 2025 og regulerast frå denne datoen.

Konsumprisindeksen har stege med 20,8% dei siste fem åra (okt. 19 – okt. 24) ved ein meir moderat prisstigning dei neste fem åra (13%) vil tilskotet med dagens sum kome over 1 600 000 om fem år og nærme seg to millionar om ein vedtek 300 000 kr i auke i driftstilskotet frå 2025. Midlane til tilskotet takast i dag frå 4320 kulturtiltak som dei siste åra har hatt ei ramme på 1 948 000. Frå det same ansvarsområdet kjem blant anna utbetalingar til lag og foreiningar, private grendehus, frivilligsentral, kulturpris og støtte til arrangement. Støtta til Vest-Telemark Museum utgjer snart 75% av utgiftene på eit ordinert budsjett for kulturtiltak og vil åra framover utgjere ein aukande andel av dette budsjettet då posten ikkje er indeksregulert.

Konklusjon

Kommunedirektøren oppmodar til innsparing i 2025, det gjer og at ein ikkje tilrår å auke driftsstøtta til Vest-Telemark Museum i 2025.

Kommunedirektørens tilråding

Tokke kommune aukar ikkje driftsstøtta til Vest-Telemark Museum